

Oppsummering oppstartsmøte 4. desember 2019

Arbeidsgruppe for offentlig tenesteyting og frivillige organisasjonar

Til stades:

Annlaug Kjelstad (leiar), Morten Dyrstad og Anne Jahre (Longyearbyen lokalstyre)

Ingvild Sæbu Vatn (Longyearbyen hundeklubb)

Geir Hekne og Tore Hoem (Totakteren)

Silje Hagen (Svalbard Turn)

Torgeir Prytz og Lise Gulstad (Longyearbyen Jeger- og fiskerforening)

Elke Morgner (Longyearbyen Røde Kors)

Olav Karstad Isachsen (NVE)

Martine Løvold og Anne Silje Berg (sekretær) (Sysselemannen)

Ikkje til stades: Svalbard seilforening og Longyearbyen feltbiologiske forening

Føremålet med møtet var å leggje ein møteplan for arbeidet i gruppa. Det blir lagt opp til møte ein gong i månaden fram til gruppa skal levere sine innspel innan 1. mai 2020: 8. januar, 5. februar, 4. mars og 1. april. Møta blir lagt til ettermiddag/ kveld. I tillegg til møta må deltakarane gjere ein jobb med førebuing til kvart møte, for å sikre meir effektiv møtetid. Ved behov blir det lagt til rette for arbeid på papirkart, sekretær sørgjer for utskrifter.

Fleire av deltakarane i arbeidsgruppa kunne informere om at det finst gode oversikter over bruken av hytter og trasear blant deira medlemar, og at dei også har ei viss oversikt over kva område som er mest attraktive og ferdast i. Det vart i gruppa uttrykt bekymring for at det gjennom arbeidet med forvaltningsplan og vern blir lagt restriksjonar som blir til ulempe for brukarane.

NVE deltok via Skype i fyrste del av møtet. Dei peiker spesielt på arbeidet med ny energibærar for Longyearbyen, og er primært opptekne av kva som skjer i nærområdet til byen. Tilgangen til installasjonar, til dømes målestasjonar, blir også peikt på som viktig.

Lokalstyret skal arbeide for fastbuande sine moglegheiter også for rekreasjon utanfor planområdet. Dei peiker på at arbeidet med Nedre Adventdalen vil bli tidkrevjande, og at det difor er viktig å kome i gang tidleg med dette arbeidet. Forvaltningsplan og utviding av Nordenskiöld Land nasjonalpark må likevel prioriterast.

Neste møte: **8. januar klokka 16-19 hos lokalstyret**. Innkalling og nærare informasjon blir sendt ut på e-post i forkant.

Til neste møte skal deltakarane i gruppa

- Vurdere kven av dei foreslåtte spørsmåla/ problemstillingane som er relevante å besvare for sin organisasjon, og eventuelt supplere med eigne spørsmål.
- Skissere kva geografiske område som er viktige for sin organisasjon. Dette kan omfatte utleigehytter og trasear, og bør også omfatte konkrete tal der dette er mogleg. Skisser på kart må supplerast skriftleg, med tellinger der dette er mogleg. Innspel om også å beskrive verdien av tilboda/ bruken. Skriftleg informasjon blir gjeve i plenum på møtet, i eit format som kan oversendes sekretær.